



LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Saksbehandler, innvalgstelefon
Tormod Meisingset, 71 25 84 04

Nasjonal jordvernpris – kandidat frå Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil takke Landbruks- og matdepartementet for eit positivt oppdrag med å føreslå kandidatar til nasjonal jordvernpris. Dette vil bidra til å sette auka fokus på arbeidet med eit sterkare jordvern, og at det tydeleggjer at det er kommunane som er den viktigaste myndigheita for å følgje opp den nasjonale jordvernstrategien og målet om redusert omdisponering av matjord i Noreg, samt oppfølging av det regionale jordvernmålet vedteke av Fylkestinget i Møre og Romsdal.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil føreslå Sunndal kommune som kandidat til nasjonal jordvernpris med følgjande grunngjeving;

- Sunndal kommune har ein høgt kompetent landbruksfagleg administrasjon som er ein viktig premissleverandør og bidragsyter både for politikarar, matprodusentar, landbruksorganisasjonar og ålmenta
- Sunndal kommune har gjennom samarbeid med landbruksnæringa utarbeida ei landbruksplan som skal sette fokus på utfordringar, behov og moglegheiter for næringa i kommunen. Landbruksplana skal vidare vere eit verktøy for å lage gode lokale tiltak som skal bidra til vidareutvikling og fornying av landbruksnæringa. Første plana vart vedteken i 2004, og har vorte rullert to gongar, siste versjon vedteke i kommunestyret 24. oktober 2018.
- Landbruksplana har gjeve tydelege føringar for rullering av kommunenplanens arealdel. Fylkesmannen hadde ingen motsegn til arealbruken jamfør jordvern- og landbruksinteressene ved offentlege ettersyn i 2018.
- Til å vere ein mellomstor kommune i Møre og Romsdal, så er omdisponering og nedbygging av dyrka mark særst liten, og landbrukets næringsareal vert prioritert høgt ved arealbrukskonflikter.

	Omdisponering i alt													
	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
K-1563 Sunndal	9	0	0	2	1	26	1	3	1	2	2	0	0	0

Fotnoter

2018 er foreløpige tall



Etter ei samla vurdering vil Fylkesmannen i Møre og Romsdal føreslå Sunndal kommune som vår kandidat til nasjonal jordvernpris.

Med hilsen

Frank Madsøy
Landbruksdirektør

Tormod Meisingset
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent